

Historisk Hopp i havet

09.05.2011



Oddmund Soldal imponerer år etter år (Foto: Knut A. Myklebust)

Pinsehelga går "Hopp i havet" av stabelen i båthamna i Uskedalen.

**Arrangementet vert meir spektakulært enn nokon gong,
og arrangøren har tru på at fleire gamle rekordar står for fall, skriv dei
i ei pressemelding og held fram:**

Rampekonstruktøren har brukt vinteren til å gjere små, men avgjerande justeringar på rampa, og dette skal venteleg gje fartya betre glid og dermed større publikumskompatibilitet.

Avhengig av temperatur og luftfuktigkeit, vert rampa smurt med duglege mengder med anten raps- eller olivenolje, dette vert avgjort av smørjeteamet like før start.

Fleire har i år vore tidleg ute med påmeldinga, både bedrifter og privatpersonar, og frå deltakarlista finn vi både nykomlingar og lag som vil rette opp inntrykket frå i fjor. I den siste kategorien finn vi m.a. dei lokale Kjellsons og SPAR Uskedalen.

Stadig fleire bedrifter ser "Hopp i havet" som eit fint høve til å utfordre kundar eller konkurrentar til kamp om heider og verdigkeit, og blant deltakarane vil det bli utkjempa fleire slike interne kampar. Ei av oppgjera det knyter seg stor spaning til er oppgjjeret mellom Energiteknikk og Kvinnherad Energi, her vil vi venteleg sjå det aller ypparste av ingeniørkunst, vinnarvilje og prestisje fusjonert i fartya.

Arrangementet vert i år leia avstunt-speaker Ørjan Bakke, og dei statusgjevande dommaroppgåvene vil bli utført av lokale røystesankrarar. Til alle deltakarane vil det vanke mengder med respekt og positiv omtale, i tillegg vert det gjeve premie til raskaste farty, mest kreative farty og til mest optimistiske farty. Arrangøren er løyndomsfull omårets premiar, men opplyser at dei for tida ligg til fortolling på hamna i Mumbai.

Arrangøren opplyser at det framleis er rådå melde seg på, både for bedrifter og private, dette gjer ein ved å ringe Bjørn Olav Tveit på tlf 47 23 61 87.